



## Referat frå møte 14.02.19 - Utval for politisk styringsstruktur

<b>Møte nr. 10 i:</b> Utval for politisk styringsstruktur	<b>Dato:</b> 14.02.2019	<b>Tid:</b> Kl. 15.00 – 17.00
<b>Møteleiar:</b> Marianne Sandahl Bjorøy	<b>Stad:</b> Fjell rådhus, komitesal	
<b>Medlemmer som møtte:</b> Marianne Sandahl Bjorøy Ernst Einarsen Kristin Brennhaug Jørgen Kausland Børge Haugetun Silvia Haugland (vara for Ingrid Marie Toft)	<b>Forfall:</b> Ingrid Marie Toft Jogeir Sognnæs (også forfall for vara)	
<b>Andre:</b> Ingen		
<b>Referent:</b> Sølvi Spilde		

Saksnr	Sakstittel
<b>1/19</b>	<b>Godkjenning av innkalling og saksliste, og godkjenning av tidlegare utsendt referat frå førre møte 23.10.18</b>  Innkalling, saksliste og referat frå førre møte vart godkjent utan merknader.
<b>2/19</b>	<b>Plan for opplæring folkevalde</b> Utvalet drøfta innspel og vidare prosess for arbeidet med ein plan for opplæring av folkevalde. Leiar orienterte om ein plan for folkevaldopplæring frå Drammen kommune, som kan vere eit godt utgangspunkt for ein eigen plan for den nye kommunen.  Utvalet var samd i å bruke Drammen kommune sin opplæringsplan som eit utgangspunkt med nødvendige tilpassingar til eigne forhold. I tillegg skal følgjande innspel vurderast: <ul style="list-style-type: none"><li>• 2-dagars opplæringsseminar med overnatting etter at nytt kommunestyre er konstituert. Hovudtema vert den grunnleggande opplæringa for folkevalde når det gjeld praktiske forhold, arbeidsverktøy m.m. Budsjett kan også vere aktuelt. Også viktig for nye folkevalde å bli kjent.</li><li>• Andre aktuelle område i opplæringa: Medietrening, synfaringar (våren 2020), informasjon om planarbeid m.m.</li><li>• Noko spreing av opplæringa vil vere nødvendig.</li></ul> Prosjektrådmannen får i oppdrag å utarbeide eit utkast til ein opplæringsplan i samsvar med utvalet sine innspel. Utkastet vert sendt ut til utvalet sine medlemmer for tilbakemeldingar før det vert sendt til behandling i fellesnemnda.

<p><b>3/19</b></p>	<p><b>Etiske retningslinjer – sluttbehandling etter høyring</b>          Utvalet gjekk gjennom og drøfta innspela som er kommen inn etter høyringa. Dei endringane som utvalet var samde om vert innarbeidd i utkast til etiske retningslinjer. Det var også semje om at dokumentet treng ein språkleg gjennomgang med mellom anna konsekvent språkbruk. Retningslinjene vert sendt til behandling i partssamansett utval 23.04.19 og fellesnemnda 13.05.19.</p> <p>Prosjektrådmannen får i oppdrag å utarbeide ei politisk sak om sluttbehandling av etiske retningslinjer til PSU og fellesnemnda.</p>
<p><b>4/19</b></p>	<p><b>Ordførarkjede Øygarden 2020 – vidare prosess</b>          Utvalet drøfta prosessen for anskaffing av eit ordførarkjede. Det vart gitt følgjande innspel til den vidare prosessen:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Motiva skal gjenspegle <i>kystkultur</i> og må ha ein viss kontrast for å bli godt synlege.</li> <li>• Autentisk farge på kommunevåpen (blå) – eller ikkje krav til farge</li> <li>• Forslag til tema for motiv:             <ul style="list-style-type: none"> <li>○ Sturetårnet (landbasert oljeindustri)</li> <li>○ Naustmiljø</li> <li>○ Fiskeri, laks</li> <li>○ Bru (frå området)</li> <li>○ Gamal tradisjonell industri – t.d. sildetønner, spelsau, jordbruk</li> <li>○ Kyrkje</li> <li>○ Natur</li> </ul> </li> </ul> <p>Prosjektrådmannen føl opp prosessen vidare og legg fram innkomne tilbod på ordførarkjede for utvalet. Utvalet lagar ei innstilling til fellesnemnda.</p>
<p><b>5/19</b></p>	<p><b>Oppgåveutval – status for arbeidet og prosessen vidare</b>          Utvalet drøfta ulike forhold omkring oppgåveutval, og særskilt kva den nye kommunelova kan bety for eit slikt utval. KS held mellom anna på med å greie ut uavklarte forhold for det som gjeld oppretting av oppgåveutval utanfor kommunelova.</p> <p>Ernst Einarsen og Silvia Haugland viste til <i>erfaringskonferansen</i> dei har delteke på kor det mellom anna vart trekt fram at oppgåveutval, slik det vert organisert i t.d. Svelvik, kan vere vanskelig å få til etter ny kommunelov. Dei viste også til Steinkjer kommune som hadde gode erfaringar med ein portal for innbyggjardialog. Denne var både enkel og velfungerande.</p> <p>Utvalet var samd i å lage eit notat til fellesnemnda kor det vert føreslått at kommunestyret i den nye kommunen ser nærare på løysingar for innbyggjardialog og medverknad, som samsvarar med den nye kommunelova.</p> <p>Prosjektrådmannen utarbeider notat til fellesnemnda i møtet 11. mars.</p>
<p><b>6/19</b></p>	<p><b>Ymse</b>          Ingen spørsmål under ymseposten.</p>